

# MANDAT

## Studentombodet for fagskolen i Møre og Romsdal

Vedtatt av fagskolestyret 24.september 2020

Mandatet blir revidert av fagskolestyret ved behov.

### 1. Ordninga med studentombod

Ordninga med studentombod er forankra i fagskolelova §14a Studentombod.

Studentombodet er eit lågterskeltilbod til fagskolestudentar i Møre og Romsdal, og skal gi råd og hjelp i saker knytt til deira studiesituasjon. Studentombodet skal ikkje bli instruert i sitt arbeid. Ombodet skal arbeide for at fagskolestudentane får oppfylt rettane sine og vere ein pådrivar for at skolar følgjer gjeldande regelverk og retningsliner.

Studentombodet

- er ein høyringsinstans for administrasjonen og fagskolane i saker som angår studentane sine rettar og plikter
- kan på eige initiativ uttale seg om og fremme konkrete og prinsipielle saker
- har teieplikt, og saker frå studentane blir ikkje tatt vidare utan samtykke.

Administrasjonen og fagskolane skal bidra til at ombodet har god kjennskap til dei fylkeskommunale systema innanfor fagskolen, og at ombodet blir oppdatert på endringar i ordningar som er knytt til studentane sine rettar.

Administrasjonen og fagskolane skal utlevere informasjon ombodet treng for å kunne ta stilling til ei sak. Ber ombodet om informasjon som er unnateke offentlegheit, skal ombodet hente inn skriftleg samtykke frå studenten.

Skoleeigar og skolane skal gje studentar informasjon om ordninga med studentombod.

### 2. Organisering

Ikkje avklart per 10. september 2020.

Midlertidig løysing:

Rolla som studentombod er midlertidig vareteke av elev- og lærlingombodet, og er administrativt plassert saman med kontrollsekretariatet og mobbeombodet for barnehage og grunnskole. Dette for å vareta rolla som ei uavhengig teneste.

### 3. Målgruppe

Studentombodet er ombod for alle studentar i den fylkeskommunale fagskolen i Møre og Romsdal.

## 4. Arbeidsoppgåver

Studentombodet arbeider både på individ-, system- og samfunnsnivå.

### Gi råd og hjelp

- Ombodet skal svare på spørsmål, støtte og gi rettleiing om korleis studentane sjølv kan påverke og løyse problem og utfordringar knytt til deira studiesituasjon.
- Ombodet kan ved behov hjelpe studentar viss dei ønskjer det, til dømes bli med på møte, vere ein brubyggjar mellom partane og bidra til løysing.

### Informasjonsarbeid, erfaringsdeling og samarbeid

- Ombodet skal synleggjere og informere om ordninga med studentombod, og ha spesielt fokus på rettar og plikter knytt til opplæringa
- Ombodet skal ha ein systematisk og kontinuerleg dialog med administrasjon, politisk leiing i fylkeskommunen og skolane, med faste møtepunkt gjennom året.
- Ombodet skal samarbeide med skolen sitt studentorgan.
- Ombodet skal delta i nettverk som er formålstenleg for fagfeltet og oppgåvene som skal utførast.

### Arbeid på samfunnsnivå

- Ombodet skal vere synleg i samfunnsdebatten om tema som er relevant i arbeidet.
- Ombodet skal delta i det nasjonale nettverket for studentombod i Noreg.

## 5. Rapportering

Studentombodet skal årleg rapportere til fagskolestyret om arbeidet ombodet gjer og kva utfordringar studentar i Møre og Romsdal opplev. Ombodet rapporterer etter skoleår, og legg fram rapporten fyrste fagskolestyre etter sommaren.

Årsrapporten til studentombodet skal bli politisk behandla og vedteke av fagskolestyret.

Ombodet kan utarbeide statusmeldingar til fagskolestyret utanom årsrapporten.